



Hjelmås Vvs As  
Torvhusmyrane 2  
5913 Eikangervåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/853 - 22/8610

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
24.10.2022

## Melding om delegert vedtak - løyve til tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 30/2

**Administrativt vedtak. Saknr: 116/2022**

**Tiltakshavar: Øyvind**

**Lilletvedt**

**Ansvarleg søkjar:**

**Hjelmås VVS AS**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### **VEDTAK:**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 30/2 på fylgjande vilkår:**

Før det vert gjeve ferdigattest/ bruksløyve for tiltaket må fylgjande ligge føre:

1. Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk
2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke er det tiltakshavar som må ta kostanden me dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget til og i huset frå punkt på kommunal leidning , er dimensjonert for vasstrykket frå den kommunale leidninga.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Hjelmås VVS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
1.1.3	Tilknytingsavgift		24.625,-
	Totalt gebyr å betala		24.625,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## SAKSUTGREIING:

### 1. Bakgrunn

Det er søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for bustad på gbnr. 30/2

### 2. Fakta

Saka gjeld tilknytning for bustad på gbnr. 30/2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke, må tiltakshavar ta kostanden med dette. Det er vidare tiltakshavar som har ansvar for at det private anlegget er dimensjonert for trykket på det kommunale nettet.

### 3. Vurdering

Hjelmås VVS as vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta

### 4. Konklusjon

Søknad om tilknytning vert godkjent som om søkt jf. vedtaket.

**Mottakarar:**  
Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

Eikangervåg